

**Administrativt samhandlingsutval  
Nordmøre og Romsdal**

**Protokoll nr. 02/13**

**Møtedato 22.05.13**

**Medlemmer:**

Tilstades: x

**Varamedlemmer:**

**Helseføretaket:**

X	Åse Eidem		Grete Teigland
X	Ketil Gaupset, <i>nestleiar</i>		Elisabeth Engvik
	Gry Nordal		Henrik Sollie
	Elisabeth Egstad		Ingalill Råket
	Stein Pettersen		Birgit Jordet
	Robert Giske		Eva Løkvik
			Astrid Johanne Brandshaug

**Kommunane:**

	Orkidé	Olaug Haugen, <i>leiar</i> Tingvoll kommune	Kirsten S. Skaget, Smøla kommune
X	Orkidé	Peter Ardon, Halsa kommune	Gunhild Eidsli, Surnadal kommune
X	ROR	Gro Berild, Rauma kommune	
X	ROR	Arild Kjersem, Fræna kommune	Jan Morten Dahle, Fræna kommune

**Vertskommunane:**

X	Kristiansund	Helge A. Carlsen	Kjetil Leirbekk
X	Molde	Henning Fosse	Tone Borge Løkhaug

**Fastlegane:**

	Bjarne Storset, Tingvoll legesenter		
--	-------------------------------------	--	--

**Fagforeiningane:**

X	Fagforbundet	Knut Ivar Egset, Molde sjukehus	Jan-Øivind Kringstad, Kristiansund sjukehus
X	UNIO/NSF/HF	Tor Rune Aarø, Molde sjukehus	Trine Bruseth Sevaldsen, Kristiansund sjukehus
X	Fagforbundet K	Sissel Bjørnhjell, Sunndal kommune	Astrid Egset, Vestnes kommune
X	UNIO/NSF K	Eli Åse Gravdehaug, Molde kommune	Britt Engvik-Hjelle, Kristiansund kommune

**Praksiskonsulent:**

--	--	--	--

**Brukarrepresentant:**

X	Kari Samdal, Nordmøre og Romsdal		Edgar Bæverfjord, Nordmøre og Romsdal
---	----------------------------------	--	--

**Sekretariat:**

Helse Møre og Romsdal HF v/samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm  
Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Gunn Elin Nygård

Møtet i Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal vart halde på Knausensenteret, møterom 1, og starta kl. 10.00.

Ketil Gaupset leia møtet og ønska alle velkomne til møtet.

Olaug Haugen, Gry Nordal, Robert Giske, Bjarne Storset og Stein Pettersen har meldt forfall. Ingen av varamedlemmene hadde høve til å møte. Elisabeth Egstad møtte ikkje. I tillegg har prosjektleiar Ann Sissel Misund Nedberg, KS Møre og Romsdal meldt forfall.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

#### **Sak 2013/08 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

Tillegg til saklista under eventuelt:

- Henning Fosse ba om ei orientering om status i forhold til rus og psykisk helse og vidare om status for AMK-sentralane
- Helge Carlsen viste til tidlegare saker vedrørande rehabilitering og samarbeidsavtalane mellom helseføretaket og kommunane, og ba om at utvalet blir halde løpende orientert om utviklinga. Overordna samhandlingsutval behandla spørsmålet i møte 06.03.13, sak 2013/05 og ba om å få saka tilbake til behandling når det ligg føre eit saksframlegg med vurderingar frå begge partar.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval for Nordmøre og Romsdal HF godkjenner innkalling og korrigert sakliste til møte 22.05.13.

Administrativt samhandlingsutval for Nordmøre og Romsdal HF skrev under protokoll nr. 01/13 som vart godkjent i møte 14.02.13.

#### **Sak 2013/09 SAMHANDLINGSSTRUKTUR**

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm orienterte om status for samhandlingsstrukturen som er etablert, sett i forhold til vedtekne samarbeidsavtalar mellom helseføretaket og kommunane

- Arbeidsoppgåver til det administrative samhandlingsutvalet
- Struktur
- Erfaringsutveksling
- Kompetanseutveksling
- Revidering av samarbeidsavtalane

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal drøfta samhandlingsstrukturen og ulike måtar å inndele samhandlingsstrukturen på.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal ber om at ei oversikt over alle prosjekt som er etablert i forhold til samarbeid mellom helseføretaket og kommunane, både i helseføretaket og kommunane, blir lagt tilgjengeleg på internett/ekstranett.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal gjorde følgjande vedtak på bakgrunn av drøftingane i møtet:

- Det er for tidleg å vurdere strukturen no, men meiner strukturen på sikt må vurderast
- Vurdere på sikt om det skal vere ett eller to administrative samhandlingsutval
- Viktig at arbeidstakarorganisasjonar frå begge partar er representert i samhandlingsutvala – med same fullmakter som andre medlemmer

**Sak 2013/10 REVIDERING AV SAMARBEIDSAVTALANE**

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm orienterte om status i arbeidet med revidering av samarbeidsavtalane. Helseføretaket og kommunane har frist for å komme med innspel til revideringa av avtalane innan 1. oktober 2013. Det er eit mål om at samarbeidsavtalane skal være godkjent i løpet av inneverande år.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal tok orienteringa til vitande.

**Sak 2013/11 REINNLEGGELSER I SJUKEHUS ETTER INNFØRING AV SAMHANDLINGSREFORMEN**

Innstilling:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal ber om at det utarbeides lokal statistikk som kan belyse antall reinnleggelsjer i 2011 og 2012, henvisende instans ved innleggelse, gjennomsnittlig liggetid i sykehus og behovet for kommunale tjenester ved utskrivning for kommunene i Møre og Romsdal.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal ber om at det utarbeides lokal statistikk som kan belyse antall reinnleggelsjer i 2011 og 2012, henvisende instans ved innleggelse, gjennomsnittlig liggetid i sykehus og behovet for kommunale tjenester ved utskrivning for kommunene i Møre og Romsdal.

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal ber om at det blir sett ned ei arbeidsgruppe som skal finne relevant statistikk knytta til inn- og utskriving av pasientar (kartlegging av bruk av spesialisthelseteneste). Helseføretaket tek initiativ til å opprette arbeidsgruppa.

**Sak 2013/12 EVENTUELTT**

*Status i forhold til integrering av rusføretaket i ørrig spesialisthelseteneste*  
 Klinikksjef Ketil Gaupset orienterte om status for organiseringa av rusfeltet i regionen. Helseføretaket RUS Midt-Norge er planlagt avvikla for deretter å integrere rusbehandlinga i regionen med resten av spesialisthelsetenesta i Midt-Norge.

*Status for AMK-sentralane*

Tor Rune Aarø orienterte kort om status for AMK-sentralane.

**Sak 2013/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 02/13 FRÅ MØTE 22.05.13**

Innstilling:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 02/13 frå møte 22.05.13.

Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Nordmøre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 02/13 frå møte 22.05.13.

Møtet slutt kl. 12.35.

Åse Eidem

Ketil Gaupset

Peter Ardon

Gro Berild

Arild Kjersem

Helge A. Carlsen

Henning Fosse

Knut Ivar Egset

Tor Rune Aarø

Sissel Bjørnhjell

Eli Åse Gravdehaug

Kari Samdal